

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2018-0214	<b>Søknadsår</b>	2018	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018			
<b>Prosjektnavn</b>	Korleis hindre avlingstap på grunn av beitande hjort?			

### Kort beskrivelse

Hovudmålet for kurset er å fremme kunnskapen til mjølkeprodusentane om korleis dei kan få igjen for arbeidet sitt ute på åkeren ved å minimalisere hjorterelaterte tap.

### Prosjektbeskrivelse

Det er mykje fokus på grovfôrproduksjon både med tanke på korleis økonomien til den enkelte bonden kan optimaliserast, og korleis norsk grovfôrproduksjon kan vere ein del av løysinga til verdas klimaproblem. Vi har Grovfôr 2020 prosjektet, og kurstilbod her i Sogn og Fjordane gjennom Norsk Landbruksrådgiving for korleis bøndene kan forbetre sin grovfôrøkonomi og korleis forbetre avlinga.

I Sogn og Fjordane har hjorteskadane vore ein realitet mange produsentar har måtte leve med lenge. Der har vore forskning og prosjekt som visar at hjorterelaterte tap omfattar følgjande:

- Tap av grovfôr produsert grunna beiting av hjort på fulldyrka eng og innmarksbeite
- Tap av grovfôr produsert grunna eting av hjort på rundballar
- Kostnader med økt behov for å fornye enga grunna tråkkskader og utbeiting av timotei
- Kostnader relatert nedsatt kvalitet av høstet grovfôr grunna hjortemøkk som kjem inn i grovfôret
- Kostnader grunnet økt behov for innkjøpt grovfôr
- Klimakostnader relatert økt transport av innkjøpt grovfôr
- Psykiske påkjenningar ved at arbeidet og investeringane ein legg inn i grovfôr dyrkinga ikkje får dei resultatane ein bør kunne forvente

Utover dette er det også kostnader relatert nedsett kvalitet på mjølka. Ikkje berre kan produsentane miste elitemjølke eller tilleggsbetaling for fett og protein grunna nedsett grovfôr kvalitet, men om det blir oppdaga sporar i mjølka grunna hjortemøkk i grovfôret, kan det i verste fall føre til leveringsstopp. Der sporane ikkje blir oppdaga i tide, blir det til ein høg kostnad for meieriet når osten blir øydelagt seinare i prosessen. Lågare driftsresultat for TINE betyr igjen lågare utbetaling til produsentane.

Med tanke på kor stor del av ein mjølkebondes økonomi er knytt opp mot effektiviteten og kvaliteten av grovfôr dyrkinga si, er det av avgjerande betydning at dei får kunnskapen om korleis dei kan kjempe mot hjorteskadane dei no har utfordring med.

TINE meiner at dette kurset komplimenterer grovfôrkursa som NLR held framover, og også kunnskapen produsentane får gjennom Grovfôr 2020 prosjektet.

Hovudmålet for kurset er å fremme kunnskapen til mjølkeprodusentane om korleis dei kan få igjen for arbeidet sitt ute på åkeren ved å minimalisere hjorterelaterte tap. Ringverknader ved at lokale produsentar får betre økonomi er, til dømes, at vi får:

- Sikre kommunane sin relative del av produksjon av mjølk og storfekjøtt.
- Ivareta grendene og kommunane med tanke på busetnad, folketal og sysselsetting
- Sikre eit variert næringsliv og tenestetilbod
- Styrke oppegåande og framtidsretta driftsapparat på gardane
- Sikre bruk av ressursane som ligg her, også utmarksressursane som da blir betre forvalta av hjorten
- Styrke Norges klimasmart landbruk

Målet er å nå 180 av bruka i Sogn og Fjordane som slit med hjorteskader i grovfôrproduksjonen sin.

Å førebyggje hjorterelaterte tap i grovfôrproduksjonen, kan gje betre fortjeneste og skape suksess både forretningsmessig og familiært. For å få til dette er det viktig at ein mellom anna:

- har kjennskap til dei reelle hjorterelaterte skadane ein har i si eiga grovfôrproduksjon
- har kjennskap til dei forskjellige tiltak ein kan iverksette mot hjorteskade, og kor effektive dei forskjellige tiltaka er
- har ein økonomisk forståing av kostnadsfordela av tiltaka

Målet er at produsentane som deltek på kurset skal kunne iverksette tiltak i løpet av hausten 2018 eller våren 2019 slik at grovfôrproduksjonen blir så effektiv som mogleg framover. Auka effektivitet i grovfôrproduksjonen kan gi:

- betre økonomien i drifta
- meir tid til å gjere anna arbeid på garden eller meir tid med familie
- betre psykisk helse

Utøvande rådgjevar for kurset skal organisere, motivere, og levere fagkompetanse innanfor kostnadsfordelar med tiltaka rundt hjorteskadar i grovfôrproduksjon.

Produsentar som har iverksett tiltak blir invitert til å holde innlegg i møta der dei kan dele si erfaring.

Det vert organisert eit møte per kommune for dei større kommunane, mens det vert eit møte per to-tre kommunar for dei kommunane med færre produsentar.

Det blir ein eigenandel for deltakarane på møta, som i sum blir på kr 45 000.

Budsjettet er sett opp med følgjande føresetnader:

- 2 rådgjevarar organiserer og utførar møta
- Totalt 6 møte i Sogn og Fjordane

- 30 bruk per møte, 2 deltakarar frå 7 av dei
- Tidsramme, per møte: 7 timar, inkludert organisering og førarbeid
- Timepris i prosjektet er TINE Rådgiving sin eksterne timepris; for 2018 er det kr 1.280 per time

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	TINE SA v/ TINE Rådgiving Sogn og Fjordane Org.nr:947942638	- 6851 SOGNDAL	95758720
Kontakt- person	Kjersti Sognnes	Fjørevegen 10 6851 SOGNDAL	95758720
Prosjekt- leder	-	-	-

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Mange mjølkeprodusentar i Sogn og Fjordane opplever at hjorten beitlar bort store delar av avlinga på innmarka. Dette er eit aukande problem. Bønder som har sett opp gjerde mot hjorten opplever at kostnaden med dette er mindre enn verdien av avlinga som ein greier å redde som følge av gjerdet, rekna over levetida til gjerdet.

### Prosjekt mål

Hovudmålet for kurset er å fremme kunnskapen til mjølkeprodusentane om korleis dei kan få igjen for arbeidet sitt ute på åkeren ved å minimalisere hjortelaterte tap. Ringverknader ved at lokale produsentar får betre økonomi er, til dømes, at vi får:

- Sikre kommunane sin relative del av produksjon av mjølk og storfekjøtt.
- Ivareta grendene og kommunane med tanke på busetnad, folketal og sysselsetting
- Sikre eit variert næringsliv og tenestetilbod
- Styrke oppegåande og framtidssretta driftsapparat på gardane
- Sikre bruk av ressursane som ligg her, også utmarksressursane som da blir betre forvalta av hjorten
- Styrke Norges klimasmart landbruk

Målet er å nå 180 av brukarar i Sogn og Fjordane som slit med hjorteskader i grovfôrproduksjonen sin.

### Forankring

TINE Rådgiving Sogn og Fjordane.

### Prosjektorganisering

Budsjettet er sett opp med følgjande føresetnader:

- 2 rådgjevarar organiserer og utførar møta
- Totalt 6 møte i Sogn og Fjordane
- 30 bruk per møte, 2 deltakarar frå 7 av dei
- Tidsramme, per møte: 7 timar, inkludert organisering og førarbeid
- Timepris i prosjektet er TINE Rådgiving sin eksterne timepris; for 2018 er det kr 1.280 per time

### Samarbeidspartnere

Bønder som har sett opp gjerde mot hjort.

### Aktiviteter

Kurstilbod i alle kommunar.

### Målgrupper

Mjølkeprodusentar som opplever at hjorten et opp store delar av avlinga på innmarka.

### Resultat

Auka avling og betre økonomi hjå mjølkeprodusentane.

### Effekter

Målet er at produsentane som deltek på kurset skal kunne iverksette tiltak i løpet av hausten 2018 eller våren 2019 slik at grovfôrproduksjonen blir så effektiv som mogleg framover. Auka effektivitet i grovfôrproduksjonen kan gi:

- betre økonomien i drifta
- meir tid til å gjere anna arbeid på garden eller meir tid med familie
- betre psykisk helse

## Tids- og kostnadsplan

### Tidsplan

Målet er at produsentane som deltek på kurset skal kunne iverksette tiltak i løpet av hausten 2018 eller våren 2019 slik at grovfôrproduksjonen blir så effektiv som mogleg framover.

### Kostnadsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Godtgjerdsle til bonde som held føredrag	11 500					11 500
Lokale og mat til møta	42 000					42 000
Møte med mjølkeprodusentar	108 000					108 000
Planlegging/utarbeiding av innhald i møte	13 000					13 000
Reisekostnad	28 000					28 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>202 500</b>					<b>202 500</b>

Møta vil bli arrangert haust/førjulsvinter 2018

### Finansieringsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Deltakaravgift	45 000					45 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018	99 500					99 500
TINE Rådgiving	58 000					58 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>202 500</b>					<b>202 500</b>

### Geografi

1400-Sogn og Fjordane

### Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato